
Fra: Hogne Askeland
Sendt: torsdag 26. november 2020 13:20
Til: 'jens.bjordal@bkkfiber.no'
Emne: SV: Utslepp Kårbøvågen.

Hei.

Det ligg ikkje føre skriftleg dokumentasjon for tilstanden til Kårbøvågen. Ved handsaming av søknaden for gbnr. 352/39, Kårbø 85 har kommunen lagt vekt på dei geografiske tilhøva kring Kårbøvågen. Kårbøvågen er ein terskelvåg med trongt utløp som gjev lite vassutskifting.

Avslaget eg gjeve på grunnlag av miljøavdelinga si vurdering av resipienten basert på samtalar med kommunens VA-avdeling og samtale med DIHVA (Driftsassistansen i Hordaland). Det vert også vist til kommunen sitt vedtak i arkivsak 541.6, igangsetjingsløyve datert 07.04.2011, Vass- og avlaupsleidningsanlegg, Kårbø – Landsvik. I samband med dette prosjektet vart kommunen sin avløpsleidning ført heilt ut forbi Mortholmen og Orneset. Eventuelle nye utslepp til sjø i Kårbøvågen må førast like langt ut.

Alver kommune skal vedta lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg i 2021 (forskrift og resipient kart). Når dette er plass vil kommunen ha eit styringsverktøy som definerer utsleppsoner.

Dette vil gje røyrleggjarar og ansvarleg søkjar ei detaljert oversikt over kva type avløp ein kan få godkjent på kvar enkelt eigedom i Alver kommune.

Hogne Askeland | Konsulent Miljø og tilsyn
Telefon +47 56 34 90 06 Mobiltelefon +47 959 68 452

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no



Fra: Jens Bjordal <jens.bjordal@bkkfiber.no>
Sendt: tirsdag 24. november 2020 13:42
Til: Hogne Askeland <hogne.askeland@alver.kommune.no>
Kopi: 'Terje Floeysand' <floesand@online.no>; kjell.johansen@bkkfiber.no
Emne: VS: Utslepp Kårbøvågen.

Til Alver kommune v/ Hiogne Askeland.

Viser til min e-post sendt til deg 15. oktober vedk. dokumentasjon av mogelege resipientundersøkingar og restriksjonar for utslepp til Kårbøvågen .

Ventar på svar.

Mvh.

Jens Bjordal.

Fra: Jens Bjordal <jens.bjordal@bkkfiber.no>

Sendt: torsdag 15. oktober 2020 11:06

Til: 'post@alver.kommune.no' <post@alver.kommune.no>

Kopi: 'Hogne Askeland' <hogne.askeland@alver.kommune.no>; 'Terje Floeysand' <floesand@online.no>; 'kjell.johansen@bkkfiber.no' <kjell.johansen@bkkfiber.no>

Emne: Utslepp Kårbøvågen.

Til Alver kommune v/Hogne Askeland.

Syner til kommunen sitt avslag i sak 381/20 på utsleppsløyve til Kårbøvågen i tidlegare Meland kommune frå hytte på Kårbøneset, eigar Kjell Gunnar Johansen gnr. 352 bnr. 39.

Ein av grunngjevinga for avslaget er at Kårbøvågen er eit spårbart område som ikkje tåler utslepp frå hytter eller bustader med låggradig rensing slik som f.eks. slamavskiljar.

Mitt spørsmål er om det ligg føre noko resipientundersøking som dokumenterer vasskvaliteten i Kårbøvågen. I tilfelle det finnst slik dokumentasjon, ville eg gjerne hatt tilgang til han slik at det kan takast omsyn til slik dokumentasjon når søknaden vert vurdert på nytt.

Mvh.

Jens Bjordal.